



# HØLE KULTUR-SOGE~~LAG~~ (HKSL)

Org. nr.: 998 544 173

## Prosjekt Høle Prestegard

Ver. 2.0 (Den elektr. versjonen er hyperteksta.)

### I: Idéskisse:

Prestegardsovertakking har vore sentral i drifta av organisasjonens sidan dette temaet kom opp hausten 2015, og konkret etter den positive kontakten som kom i stand mellom HKSL v/ leieren og ulike kommunale fora.

Denne idéskissa tek utgangspunkt i den historiske staden på Hølegarden som det sentrale midtpunktet denne staden har vore for alle Ryfylkebygdene her

INNHALDSOVERSIKT			m/
hyperteksta kapittel			
I.	<a href="#">Idéskisse</a>	s.	1
II.	<a href="#">Kort historie</a>	s.	2
III.	<a href="#">Prestegardseigedommen</a>	s.	5
IV.	<a href="#">Kulturtradisjonar</a>	s.	6
V.	<a href="#">Kommuneplanen for Sandnes (referansedel)</a>	s.	6
VI.	<a href="#">Dugnad – vurdering</a>	s.	8
VII.	<a href="#">Organisering</a>	s.	8
VIII.	<a href="#">Framdrift og vilkår</a>	s.	9
IX.	<a href="#">Konklusjon (vedtaksforslag)</a>	s.	9
<b>VEDLEGG I. BETRAKTNINGER OM HØLE PRESTEGARD</b>			side 11
<b>VEDLEGG II.</b> Sandnes Eiendom sak 126/ 2016: Orienteringssak om behandlingsmåte			side 12
<b>VEDLEGG III.</b> HKSL's uttale om sakbehandlinga hausten 2014 vs. "Kulturløft"			side 12-13

inne ved *Høgsfjordsystemet*.<sup>1)</sup> Dokumentet peikar vidare på prosess for klargjering av eigedommen til offentleg bruk, og orienterer avgjerdstakrar om vilkår for overtaking.

<sup>1)</sup>

Soknesenteret var sentrum for alle bygdene, som soknar til fjordane som munnar ut i Høgsfjorden, (Lysefjorden og Frafjorden, og bygdene i austre Gjesdal kommune, Forsand og Riska) som her blir kalla *Høgsfjordsystemet*, fordi det var

Slik historien lèt seg avteikne, har det truleg vore eit religiøst sentrum her sidan *Olav Tryggvason* si regjeringstid (995-1000), noko *krossteinen* ved kyrkja gjev indikasjonar om. Det er likeins indikasjonar på at dette var ein s.k. *staður*, med eit kunnig presteskap, med stor prestisje i det geistlege miljøet.<sup>2)</sup> Me finn sentrale geistlege knytt til dette store soknet både under bp. *Pórgils* (1255-1276) og bp. *Arne* (1277-1303).

**II. Kort historie:** Generelt var den seinare delen av 1000-talet og det påfølgjande 100-året svært viktig for organiseringa av kyrkja på landsbasis, og i løpet av 1100-talet var omrent alle avdalar og utøyar utstyrt med soknekirker. Korssteinen røper at Høle er eldre enn dette - ein av dei aller eldste kyrkjestedane i fylket. Eit *sokn* (*sókn*) avgrensar slik eit område, som folk følte tilhører til, og innebar ei avgrensing for dei kyrkjene det var lettast å *søkje*. Mellomalderens Høle hadde eit stort omfang, som ville forundre oss idag: Heile *Riska*, bydelen *Høle*, dei austre delane av Gjesdal: *Fjellgardane* inne i heiane s.s. *Yleskog*, *Dirdal* med *Vatne*, og *Hunnedalen*;<sup>3)</sup> Vidare Frafjordbygdene like inn til *Mårn* og *Blåfjellsenden*.<sup>4)</sup> Heile nåværende *Forsand kommune* med *Espedalen* og *Lysefjordsbygdene* var dei austre ytterpunktta. Etter kvart som folketallet auka på utover 11-1200-talet budde det folk på alle desse nemnde heiegardane.

Tidleg på 1300-talet gjorde klimatiske tilhøve at dei ytre og øvre gardane i stort mon blei fråflytt, og umulege å halde i hevd.

Den store katastrofen var likevel *Svartedauden* (i våre bygder hausten 1348), som i mange bygder reiv med seg  $\frac{3}{4}$  av

2) fjordsystemet her som bandt desse bygdene saman til eit fellesskap.  
Jfr. *Høleboka*, ss. 253-55.

Ein *staður*, er eit omgrep som stammar frå høgmellomalderen, og i vår betydning gjeld hovudkyrkjer. Felles for desse kyrkjene var at dei var svært rike kyrkjer og at dei kunne underhalde fleire prestar kvar. Mange stormenn ordna seg slik at dei hadde ei slik kyrkje ved hovudbolet sitt. Eksempel: *Ogmund Finnson* på *Hesby*, eller *Snorre Sturlason* på *Reykholts*. Det var viktig å ha skrifeføre menn på norrønt og latin, noko presten *Viljam av Høle* (ca. 1290) er eit døme på. Desse kyrkjene blei betente av dei best utdanna prestane.

3) Øydegarden *Yleskog* låg ved Yleskogvatnet (418 moh) oppfor Røyrdalen. Øydegarden *Vatne* låg ved sørrenden av Giljastølvatnet (409 moh). Den ytterste garden i Hunnedalen var *Øvstabø* (380 moh).

4) Lengst inne i Månadalen låg *Blåfjellenden*, som hadde regulær gardsdrift og er undersøkt arkeologisk.

folketalet; og gjekk ekstra hardt ut over dei geistlege, som var så sterkt knytte til omsorgsoppgåver og liturgi ved livets sluttfase. Etter at farsotta var over, måtte det gjerast ein s.k. *reduksjon*. Det var ikkje nok folk til å halde liv i eit prestesete – eller så mange prestar att, og ein måtte satse på dei gjenlevande av prestane. Denne reduksjonen gjekk ut på at ein reduserte talet på sokn, og samla desse om dei presteseta som hadde overlevande.

For Høle var det ingen gjenlevande prest og soknet blei delt på prestane i Strand, som ennå var i live, og Riskabygdene gjekk av same grunn til presten i Frue-soknet (Hetland).

Sidan blei det gamle Høgsfjordsoknet, som det den gong heitte, både i katolsk tid og etter reformasjonen (1536), liggjande under prestane i *Strand* og *Frue*.

Ved kgl.res. 14.03. blei sokna Høle og Forsand skilde frå Strand prestegjeld og gjenopprettet som Høgsfjord prestegjeld (1864); då hadde Forsand fått bygd si eiga kyrkje i 1854, men prestesetet var frå 1864 av på Høle, for dette året blei hopehavet mellom Strandpresten på den eine sida og Høle og Forsand opphevd etter at ordninga hadde vart ved i vél 500 år. Mange forunderlege problem må ha oppstått: Kor meinsleg fjordfarten og sambandet var, er det mange fråsegner om: Den verste 'krisen' var nok då den fordervelege sjøormbeistet dukka opp i Høgsfjorden og hindra alt samband mellom Strandpresten og sokneborna hans!<sup>5)</sup> Det var ingen småkar som rommesterte: Det heitte seg i segna at han hadde hovudet i Kalavika på Søre Ådnøy og halen liggjande på land i Oanes... Andre variantar fortel at han kunne kveile seg opp ute i Kvalvågen og lytte og speide etter liv på fjorden. – Under slike uhyggelege tilhøve var det jo håplaust for presten og mannskapet i åtringen hans å kunne lende ved Prestebrygga..., han fekk rett og slett ikkje karane til å dra ut båten heimefrå Strandastønå.

Men tilbake til dei faktiske realitetane: I 1864 blei prestesetet oppretta ved Hølekyrkja att, og bygdene fekk det enklare.

Frå denne tida av (1866) har Høle igjen vore prestesete for Høgsfjord prestegjeld, med annekskyrkje på Forsand.

Det er *Opplysningsvesenets fond* (Ovf), som har vore den formelle eigaren av dette eldgamle kyrkjegodset. I 2012 overførte fondet presteseta til kommunane for vidareforvaltning –

---

<sup>5)</sup> Folkeminnegranskaren Torkell Mauland (1848-1923) fortalte denne segna etter far sin (UiO-Id SIN307); elles Strand Historielag: "Da Sjøormen blokkerte Høgsfjorden".

fordi ordninga med embetsgardar, som prestane hadde plikt til å bruke, fall bort. *Ovf har sett ein viktig førestenad om at verdiane blir allment ivaretekne.* Lokalt har det vore viktig å sikre prestegarden for offentleg bruk.

Det er lite attraktiv strand att i Høle med almenn tilgang, men delar av Selesvika er i bruk.

Dette er bakgrunnen for kulturprosjektet, **Høle Prestegard**.

-----

**Møtesak 5, HØLE KULTURSOGELAG (HKSL), tysdag den 25. august 2015** var presentert slik:

### Disponering / Bruksovertaking av den gamle Prestegarden i Høle:

Helge gjorde greie for ein samtale han hadde hatt med ordførar *Stanley Wirak*, om evt. sal av *Prestegardseigedommen i Høle / evt. lokal overtaking / leige*. Han hadde fått "ein månads tid" til å gjere greie for aktuelle lokale interesser omkring dette. Sjå resultatet av oppfølginga hans i Vedlegg 2.

/1

Han la fram kart over eigedommen, og sine "*Betraktninger om Høle Prestegård*" sm. med *befaringsnotat* av 26.8.15. Dessutan eit ark med "*Info i til samtale med eiendomssjef Torbjørn Sterri, Sandnes Eiendom KF*".

/2

Kommune har nå fått som oppgåve å ta seg av utsal/disponering av prestegardane frå "*Opplysningsvesenets fond*" (*Ovf*).<sup>6)</sup>

Som det m.a. framgår av vedlegga, var ein klar over at det kunne knyte seg store lokale interesser for å sikre eigedommen for lokale kulturformål. På den andre sida

<sup>6)</sup> **Ovf** har forvalta ein tradisjon som strekkjer seg rundt 1000 år tilbake i tid. **Lov om det beneficerede gods** ble vedtatt i 1821, og byggjer på **Grunnlova** § 106 nå §116. Lova sikra at såvel kapital som avkasting av fondet blei haldne skilde frå statskassa, men brukt til beste for dei geistlege i deira stillingar. Lova bestemte elles korleis inntektene kunne brukast og sikrast, og om bortleige og evt. sal. Fondsmidlene er ein eldgamal arv fra mellomalderens benefiserte gods gjennom gåver oftast testamentariske. Grunnlova bestemmer kva formål fondet skal ha: Fondet skulle komme *Den norske kyrka* til gode, som embetsbustad, enkesete, o.l. Dette har vore det sterkeste formålet for staten. T.d. blei alle kyrkjer og prestegardar i Finnmark og Nord-Troms gjenreiste frå desse midlane etter krigen.

Så er det nå slik at prestane og bispene ikkje har buplikt lenger, og dermed manglar ei viktig grunngjeving for å behalde desse eigedommane spesielt, sjølv om dei representerer store kulturverdiar. Ei anna slide er opphøyret av *Folkekirkja* som forvaltingsorgan ved grunnlovsending (2012).

OvF opplyser m.a.: "*Disse presteboligene er som regel komplekse eiendommer med viktige kulturverdier. Ovf vil på eget initiativ innlede dialog med aktuelle aktører som kan sikre at disse verdiene forvaltes på en forsvarlig måte i framtiden, der salg er aktuelt.*"


hefta det seg manglar til den tekniske kvaliteten på hovudbygget, spesielt ved at vedlikehaldet i si tid blei sett i gong med eit ytre renoverings- og isoleringsarbeid som mangla motsvar i *Norsk Standard*.

Det er såleis ikkje utan utfordringar om ein skulle måtte stå for framtidig drift. Eigedommen er etter måten stor, ca. 11 mål i alt med strandlinje som omfattar ein del av *Selesvika*<sup>7)</sup>, *Prestebrygga* og *det historiske naustet*.

Det har nyleg vore synfaring på eigedommen der HKSL har vore representert ved formannen og andre frå kommunen m.a. byantikvar *Gro Persson*. (Sjå vedlegg 1)

### **III. Prestegardseigedommen:**

Prestegardseigedommen er ein del gnr. 72 Høle. og kviler idag på nokre ulike bnr.: *Prestabrygga* [45], *Prestanaustodden* [3]



og sjølve Prestegarden [497] som ein fråskild parsell av nr. 3.

<sup>7)</sup> **Selesvika** er ikkje forklart hos Oluf Rygh: *Norske Gaardsnavne*, helst fordi dette ikkje er namnet på ein matrikkelgard. Det er fristande å tenkje seg namnet kom av 'Sjelevika' etter lang tids sliping av det gmn. *sál* (= sjel). Dette finst overført i mange delar av landet. Ein må her tenkje seg at -a- er tapt i analogi/assimilasjon med -e- i mellomnorsk og seinare språkutvikling, men utan brytning (*sál>sjel*); slik ein t.d. finn utviklinga i ordet *sálubót>sælebot*. Hit kom kyrkjefaranade roande nordfrå det store soknet, medan dei som blei rodde innfrå fjordane lende i Likstø/Roligheten.

Ein del av sjølve prestegardsarealet blei lagt ut til gravplass og soknehus for nokre år sidan.

Høle Prestegard blei teikna av arkitekt *Fredrik Lippe* i 1866, og representerer ein tidsrett embetsbustad i sveitserstil.

**IV. Kulturtradisjonar:** Ein eigedom som dette gjev rom for mange mulegheiter – slik det er skissert i **vedlegg 1**: Både sidan hovudbygningen, det store naustet og Prestebryggja, alle, har historisk/kulturell verdi i det eldgamle kyrkjesoknet under heile høgmellomalderen. Etter Svartedauden, då bygdene på det næreste sto avfolka, blei prestegjeldet delt på dei to næreste gjenlevande prestane, i *Frue* og *Strand*, for så å bli salta i ein slik struktur i svært lang tid, før prestegjeldet igjen kunne komme i drift med sitt gamle omfang, – men då minus Riska. Men både før reduksjonen (rundt 1350 og etterpå) var Prestebrygga lendingsplass for prestar og vanleg folk som søkte kyrkja og kyrkjegarden. I 1854 fekk Forsand si eiga soknekyrkje, men presten budde i Høle.

HKSL ser for seg gode vilkår for generasjonsoverbygjande læring omkring gammal arbeidskultur i fisker- og fjordbygda Høle, som eitt av utviklingsaspekta her. Eigedommen har dessutan andre viktige kvalitetar å byggje vidare på.

Prestegarden har vore heimestad for fleire prestar, som har vore store personlegdommar, og som sette sitt preg på bygda og heile prestegjeldet i Høgsfjordområdet.

**V. Kommuneplanen for Sandnes (2015)** har som eitt av sine mål (s. 34) at

*Sandnes vil vere oppteken av å halde byhistorien levande.*

Kulturminne og kulturmiljø skal bidra til å styrke trivsel, identitet og verdiskaping i Sandnes

- Bidra til å sikre god kvalitet og standard på istandsetjing og restaurering av bygningsmiljøa (jfr. Sandnesmodellen)
- Motivere og mobilisere til auka forståing og interesse for kulturminnevern blant huseigarane spesielt og bybefolkninga generelt
- Auka allmenn kunnskap og tilgang til Sandneshistorien gjennom Vitenfabrikken og byhistoriske verk

- Formidle byhistorie i Sandnesskolen (jfr. Den Kulturelle skolesekken)

Med bakgrunn i fråsegna om den "**Den inkluderende byen**" (s. 16) så famnar Kommuneplanen *alle*; her heiter det:

*"For at alle skal trivast, er det viktig at alle føler seg inkludert. Integrering handlar om at alle skal ha mulighet til å bli inkludert i samfunnet. At me skal lære oss å tilpasse kvarandre, trass kultur og bakgrunn. Samtidig handlar dette også om universell utforming, om å tilrettelegge byen for alle, uansett om ein er blind eller sit i rullestol. For å oppnå auka trivsel, er det viktig at desse er til rådvelde for alle. Dette heng saman med verdiane til kommunen ("byen"); romsleg (plass til alle), modig (tørre å stå fram) og sunn (aktivitetar)."*

Understrekinga av at ei slik inkluderande haldning skal gjelde **alle**, viser at ein ikkje med "byen" meiner kommunens tettast befolka område, men ser på alle innbyggjarar i bykommunen under eitt. Det er såleis ikkje spor av ei "*me-og-dei-andre-(som-bur-ute-i-dei-meir-landlege-bydelane)*"-haldning, slik ein kanskje kunne tenkje utfrå enkelte formuleringar i teksten. Det vil alltid vere formuleringane i hovudmåla som er dei styrande, s. s. i **Kommuneplanens hovedmål 2 - Sandnes vil vere eit samfunn med gode og likeverdige livsvilkår for alle** (s. s. 26), der dette hovudmålet er vidare utdjupa.



Satellittbilde (Eniro-pr.)

Med basis i kommuneplanen, er Kultursogelaget trygg på å ha ein seriøs *forhandlingspartar* når det gjeld høvelege vilkår for overtaking av *Høle Prestegard*: Det er eit identitets- og historietungt kulturområde for folk i alle aldrar i desse Ryfylkebygdene, men òg interessant for lokalt næringsliv. Det regulerte friområdet følgjer den ytre delen av Prestebryggeneset.<sup>8)</sup> og dei restriksjonane som elles følgjer av bestemmingane for staden.

<sup>8)</sup> **Friområde** er eit geogr. avgrensa areal som er regulert av kommunen (eller ein ideell organisasjon) til t.d. friluftsliv, og som slik er verna for inngrep eller nærings-

**VI. Dugnad – vurdering:** HKSL er klar over at nye generasjonar har travle arbeidsdagar og mykje pendling. Folk er oftast sterkt opptekne med jobbane sine, og å ta vare på familien i den stunda som er att. Dette gjer at ein ikkje i same grad kan pårekne dugnadskapasitet her, slik det var blant vaksne og ungdom for berre få 10-år tilbake. Men det kan nok finnast alternative rådgjerder å støtte seg med, s.s. samarbeid med VGS og arbeidsmarknadsmyndigheiter. Det er ikkje teke inn noka inngåande analyse eller innhenta statusrapport med omsyn til bygningsmassen. Dette får bli ei sak me ser nærrare på med det første.

## **VII: Organisering:**

Ei høveleg driftssikring er råd, men det bør nok då baserast på drift frå ei *stifting*, av typen "*Stiftinga Høle Prestegard*" ell. liknande, som Kultursogelaget tek ansvar for å opprette. Stiftninga kan gjerne stå i nær tilknyting til Kultursogelaget, og ha rapportkanal til dette, sidan begge samstemmande vil – kvar utfrå sine føresetnader – ha kulturrelaterte formål, som vil vere til beste for bygdene her. Utanom bygningsmassen og strandområdet er det elles peika på



Prestegarden sett mot vest.

botanisk vedlikehald, spesielt av den gamle hagen utfor prestegarden med unike gamle hageplantar, der skolen (med sin kompetanse frå *Apalstøhagen*) og aktive lokale organisjonar kan komme til praktisk hjelp.

Forsøplinga er eit problem, og det må byggjast gode rutinar.

## VIII: Framdrift og vilkår:

Prosjektets framdriftsplan er avstemt for å kunne innordne denne i den øvrige drifta av Kultursogelaget:

Planmoment:	2016-vår	2016-haust	2017...
Bygningsmasse – Uavh. statusrapport			
Avtale med Sandnes kommune			
Utarbeiding av Stiftelsesprospekt			
Registrere Stiftelsen Høle Prestegard			
Opprydding av forsøplinga i utearealet			
Driftsutbetingar: bygg og anlegg			
Høle Prestegard: tilrettelegging og drift			

Prosjektet vil vere kritisk i høve avtalevilkår med Sandnes kommune og vil ikkje kunne tilrådast dersom:

- Sjølvé vilkåra ikkje kan forsvarast med omsyn til driftsøkonomi.
- At avtalen ikkje kan få slike vilkår, som kan gje ei forpliktande og førutseieleg drift – uavhengig av framtidig kommunal tilhøyring.

Forslag til vedtak følgjer i det store og heile dei føresetnadene som Styret i HKSL gjorde tysdag, 25. august 2015 sak 5, men tek her inn pkt. 3 med tillegget "eventuelt eigedomsovertaking". Dette er vurderingar som er komne opp, om det skulle komme til å bli ein ny kommunestruktur, og dermed måtte generere nye avtalerundar om leigevilkår.

*Stiftlinga Høle Prestegard må derfor satse på overtaking av eigedommen for å sikre førutseieleg drift, og dette er eit heilt sentralt punkt i det nye vedtaksforslaget.*

## IX. Konklusjon / vedtaksforslag.

Oppsummeret dannar Idéskissa og dei påfølgjande handlingspunktta II-VIII (over) grunnlag for følgjande forslag til

### VEDTAK:

- HKSL ser med glede på utsiktene til å kunne overta Høle Prestegard til lokale kulturformål.
- Eigedommen som heilskap har gode antikvariske verdiar, og er lokalt viktig utfrå kulturidenteten det representerer.
- HKSL vil ta eit spesielt initiativ, dersom kommunen tilbyr vederlagsfri leige evt. eigedomsovertaking. Ein

varig avtale med *Sandnes kommune / KF Eigedom*  
må derfor komme i stand.

Dagleg drift vil sikrast gjennom ei stifting.

4. Saka er oversendt Høle Bydelsutval til underretning  
og møtedokumenta går vidare til kommunens  
forvaltingsorgan.

Forhandlingsutvalet vil på vegne av HKSL følgje opp vedtaket  
frå møtet den 12. april 2016, ovanfor Sandnes kommune.

## **VEDLEGG 1:**

### **HØLE KULTURSOGELAG.**

**Møte, i Høle Bibliotek, den 25.8.15**

#### **BETRAKTNINGER OM HØLE PRESTEGARD**

Beliggenhet i sentrum for et område i bydelen Høle som har grunnleggende kulturverdier. Her møtes bergverk, fiske, jordbruk og sjelesorg. Landskap og bygninger er preget av virksomhet i lange tider, mest fra de siste 200 år. Prestegården må ses i sammenheng med *Kirkegården*, *Huset under berget*, o.a.

Elementer her kan inngå i et unikt kultur-næringsprosjekt. Hensikten må være å sette Høle på kartet, som den porten vi er til Fjord-Norge. Sandnes trenger en severdighet med apell til de reisendes opplevelsestrang.

Anbefaler fremtidig bruk etablert på aktiv nytte av historien og kulturverdiene. Prestegården har husetprester som allsidige kulturbryggere for bygda.

Bygningen er godt bevart, bare den innebygde verandaen er borte. Huset ligger sydvendt med en stor frukthage, pluss større fjellområder med store trær og et stort dyrket jorde. Eiendommen grenser til sjøen og har egen kai for store båter, eget naust mellom fjellnauser og en stripe langgrunn sandstrand. Dette er en kulturell indrefilet på Høle. Først og fremst som bolig for prester som i århundreder har virket blant folket i Høle og Forsand, langs Lysefjorden, Høgsfjorden, Espedalen, Dirdal, Byrkjedal og i Hunnalen til Øvstebø.

Huset kan i tre etasjer ha rom for samlinger av gjenstander, litteratur, bilder etc. Det kan være møtelokaler inne og plass for utendørsarrangement. Uthuset kan restaureres og f.eks. inneholde jordbruksjenger.

Naustet istandsettes til museum for fiske.

Sandstranda, fjellformasjonene og deler av marka tilrettelegges for bading, lek og spill.

Høle Kultursogelag kan være den naturlige organisasjon som i samarbeid med kommunen kan etablere og drive Prestegården. Den kan etableres som Bydelspark/Botanisk hage under tema Naturalhusholdning, bygdely og lære. Forholdet til kommunen bør være, at kommunen fortsetter sitt eierskap og Høle Kultursogelag tilbyr drift av eiendommen. Dette bygd på en rammeplan for innhold, aktører, aktivitet og økonomi. Det ventes en etappevis og langsiktig utvikling.

#### **BEFARING, den 18.8.15.**

Tilstede: Sigve Tengesdal bydelsutv., Tommy Oddsen idrettslaget, Ingeborg Strand Saniteten, Eli Hjetland Høle Eldresenter, Guttorm Ims, Albert Barstad og Helge K. Strand fra Høle Kultursogelag. Fra Sandnes kommune Kristin Nordheim Meinkøhn for Eiendom, Gro Persson fra Kultur og Kine Marie Krogh Olsson, landskapsarkitekt; disse tre var positive til det lokale engasjementet for Prestegården og uttrykte forståelse for våre ideer.

For Høle Kultursogelag, 26.8.15  
Helge K. Strand

**VEDLEGG 2:**

(Det henvises til møtevedtak 126/15 i *Sandnes Eiendomsselskap KF* v/daglig leder *Torbjørn Sterri.*)

Info i tilf.samtale med leder Sterri.

<i>Sandnes Eiendom</i> <b>126 - 15</b>	<b>Høle prestegård, salg</b> <i>Styret mottok 20.8.2015</i> Enstemmig vedtak: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styret tar saken til orientering</li> <li>• Bydelsutvalgets vedtak nr 2 og avklaring om skjotsel av det gronne restauralet oversendes rådmannen for vurdering.</li> <li>• Saken effektueres ikke før endelig tilbakemelding fra Høle kultursogelag om deres ønske om å leie bygget vederlagsfrift og rådmannens svar foreligger. Dersom vederlagsfri leie er tilfelle fremmes saken for styret til ny behandling</li> </ul>
---	--

---

**VEDLEGG 3:****HØLE PRESTEGARD.**

(Undertittel: **HKSL's uttale om sakbehandlinga 2013-14 vs. "Kulturloft"**

Viser til orienteringssak nr. 15/15 til møtet i Høle Bydelsutvalg den 11.6.15.

Jeg hadde en samtale med Torbjørn Sterri den 2. 6. Sandnes Eiendomsselskap besluttet i 2014 salg av bolig og naust inkl. tomt på 2.7 da på det åpne marked. Utskilt fra et total areal på 11,7 da. Formannskapet besluttet salg i 2013.

Beslutningsgrunnlaget er kritikkverdig tynt, da det ikke nevnes den lokale kulturhistoriske verdi som eiendommen har. Eiendomsselskapet forutsetter at formannskapet har vurdert forholdene omkring verdier for lokalsamfunnet og beslutter salg, sannsynligvis uten at det er lagt tilstrekkelig vekt på lokalhistoriske verdier.

Det er uforståelig at man ikke tar hensyn til Høle Bydelsutvalg sin anbefaling om ikke å selge og man savner uttalelser fra for eksempel kultur, soknerådet i Høle, Høle Kultursogelag (stiftet 14.6.2010) eller andre lokale lag med kompetanse for saken.

Høle Prestegård er tegnet av Fredrik Lippe, 1866, hans eneste prosjekt i Sandnes. Ellers er han anerkjent for arbeider som Sola Prestegård, hovedbygningen på Bjergsted, St. Petri i Stavanger, arb. ved Stavanger Domkirke osv. Han var Stavangers 1. fastboende arkitekt og satte et betydelig preg på det sentrale bybildet. Høle prestebolig har et autoritært preg og eiendommen har en uovertruffen beliggenhet. Den omfatter Prestebryggen har historie som utskipningskai for gruvedriften på Nordland. I Høle prestegård har de bodd markante presteskikkeler som har fremmet bygdelivet sosialt, kulturelt og økonomisk. Presteboligen er et monument over deres arbeid som ofte strakk seg ut over den alm. prestegjerning.

Reguleringen som friluftsområde har ikke av flere grunner tjent hensikten. Dette parkegna området lir av forsøpling og mangel på stell. Det er i utgangspunktet feil å selge en betydelig verdi i bydelssenteret Høle og overføre kapitalen til Sandnes sentrumsområder.

Prestegården har en storslått natur og var under presten Sæbø sitt stell i 1950-åra et vakkert hageanlegg, som med litt mekanisert dugnad, kan skapes til en utsøkt bygdepark. Det forventes å være mulig å skape lønnsom virksomhet knyttet til Prestegården, som bl.a. fremmer fritidstilbud, ernæring og kultur. Huset kan romme allsidige utstillinger for lokal kunst og en betydelig del av hagen brukes til arrangementer og det øvrige til sosial adspredelse. Prestebryggen og båten Riskafjord kunne bli et særpreget element som i samspill med flere kunne styrke tiltaket.

Styret i Høle Kultursogelag har i dag drøftet Prestegården og vil under tema "Kulturløft" arbeide for at Prestegården får en verdig bruk for fremtiden. Vi ber om en dialog med Sandnes Kommune og Høle Bydelsutvalg for informasjon som kan legges til grunn for videre planer.

Høle, den 9.6.2015

For Høle kultursogelag Helge K. Strand